



Lindås Rør & Sanitær As
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4173 - 23/43433

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
05.06.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 341/43 Skarpeneset

Tiltak: Utslepp
Byggjestad: Gbnr: 341/43
Tiltakshavar: Helen Ellefsen Horvli
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.05.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. **Anleggstype.** Slamavskiljarens storleik og produkttype må vere opplyst i søknaden.
2. **Tømmeavtale.** Signert tømmeavtale med godkjent renovasjonsfirma for tømming med båt må leggjast ved søknaden.
3. **Situasjonsplan.** Situasjonsplan skal vere målsett med avstand til bygningar og nabogrense. Lengde ut i og djupne i sjø skal vere påført situasjonsplanen.
4. **Leidning i sjø.** Utlekking av leidning i sjø skal vere godkjent av Bergen og omland Farvassforvaltning IKS før arbeida vert igangsett.
5. **Nabofråsegn.** Leidning som kryssar naboeigedom krev samtykke frå grunneigar.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan **05.07.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og filsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Helen Ellefsen Horvli
Lindås Rør & Sanitær As

Amalie Skrams Vei 6a
Burkhovdane 1

5036 BERGEN
5914 ISDALSTØ